



Notat

Dato

LEIKANGER, 18.01.2017

Til: Fylkesutvalet, møte 25. januar 2017

Frå: Fylkesrådmannen

Musea i Sogn og Fjordane - Fellesmagasin i Movika. Orientering om status for søknad om statleg tilskot

FT har i budsjett 2017/økonomiplan 2017-20 (sak 51/16) stadfestat arbeidet med forprosjekt for fellesmagasin og utstillingsbygning i Movika, «Kløften», held fram. Eg viser og til fylkesrådmannen si orientering til FU i notat til møte 22.06.16 (sak 68/2016).

På bakgrunn av vinnarkonseptet i arkitektkonkurransen er Bystrup arkitektur og design engasjert til gjennomføring av forprosjektet. Arbeidet starta i august 2016 og vert ferdigstilt som planlagt i januar 2017. Forprosjektet er utarbeida med utgangspunkt i tidlegare romprogram og innehold areal for kontor- og utstillingsdel til Sunnfjord Museum, areal for kontor til fellesadministrasjonen til musea og ein magasindel (magasin1). Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) har delteke i prosessen med forprosjektet og gjeve innspel til areal, løysingar og krav i denne samanheng.

Styret i MiSF stilte seg bak FT sitt vedtak med å setje i verk forprosjektet, seinast i møte 14.06.16. Partane har ei felles forståing for at det framtidige magasinbehovet for MiSF vert løyst slik:

- Magasin 1; vert magasinet for dei mest verdfulle og sårbare gjenstandane med krav til luftfukting, stabil temperatur, avgrensing av støv, lystilhøve mv. Denne delen er no løyst i forprosjektet «Kløften» slik museumsadministrasjonen har spelt inn i prosessen. Romprogrammet er revidert og tilpassa ei delt magasinløsing (altså redusert).
- Magasin 2; vert eit magasin som stettar klimakrav for båtar og store museumsobjekt, landbruksgjenstandar og -maskiner. Til dette føremålet gjorde styret i MiSF 13.12.16 samråystes vedtak om kjøp av Ramstad Eskefabrikk i Angedalen i Førde. MiSF står sjølv for vidareutviklinga av dette magasinet. Desse magasinfunksjonane har heller ikkje tildegarre vore ein del av romprogrammet til fellesmagasinet.

Forprosjektet for «Kløften» skal m.a. danne grunnlag for søknad om statleg tilskot til finansiering. Søknadsfristen til Kulturdepartementet (KUD) er 1. mars 2017.

Søknaden skal i tillegg til sjølve forprosjektet og innehalde opplysningar om eigarskap, orientering om korleis ein organiserer byggesa, finansieringsplan, budsjett for drift, framdriftsplan og ei orientering i høve det kulturfaglege grunnlaget for byggeprosjektet.

For å få sendt ein komplett søknad er fylkeskommunen avhengig av andre partar. Spesielt er dette knytt til finansieringa i høve investering og drift.

Finansiering av investeringa som ligg til grunn i saka fordeler seg med 1/3 på statleg del som tilskot og 2/3 samla på kommunal (40%) og fylkeskommunal (60%) del. Framtidig eigardel er tenkt fordelt mellom deltakande kommunar og fylkeskommunen tilsvarande investeringsdel.

Storleiken på investeringa med grunnlag i forprosjektet er ikkje endeleg klar, men det vert no kalkulert med høgare detaljeringsgrad enn i tidlegare skisseløysingar. Førebelse vurderingar tyder på ein auke i den samla investeringa trass i at prosjektet arealmessig er redusert, men endeleg kalkyle vert fyst klar etter at forprosjektet er lagt fram. Fylkesrådmannen føreset i denne omgang at vedteken økonomiplan er tilstrekkeleg for den fylkeskommunale delen av prosjektinvesteringa. Det er venta at løvvinga - slik ho er omtala i vedteken økonomiplan, FT-sak 51/16, må justerast til dagens prisnivå. Ei slik jutering vil i følgje SSB's byggekostnadsindeks for den aktuelle perioden ligge i storleiksorden mellom 12,0 - 14,8% avhengig av kalkulert bustadtype.

Gjennomføring av prosjektet vil og utfordre partane på drift. Saka har føresett at ein nyttar eigar-modellen frå Sogn og Fjordane Kunstmuseum som grunnlag. Då ber eigarane sjølv sine kapital-utgifter og ei langsiktig leigeavtale (20 år) med MiSF er bassert på sjølvkostprinsippet. I dette utrekningsgrunnlaget inngår kostnader til forvaltning, teknisk drift og vedlikehald. Ei førebels berekning av slik årleg husleige viser at den vil ligge i storleiksorden på om lag 2,9 mill. kr. Det et venteteg at MiSF vil söke statleg og regional støtte til slik husleige.

Fylkeskommunen har i vedteken økonomiplan, FT-sak 51/16, føresett at:

- Det må lagast ein avtale mellom partane som regulerer ansvarsfordelinga for finansiering og drift
- Fylkeskommunen vert eigar av den delen av bygget/eigedommen som fylkeskommunen finansierer

Fylkesrådmannen tilrår at det snarast vert etablert ein intensjonsavtale om ansvarsfordelinga slik at den kan ligge ved søknaden om statleg delfinansiering. Ein slik avtale var det og semje om at ein burde utarbeide i møte med dei respektive kommunane i Sunnfjord den 16.01.15. Og det vart avtalt at Førde kommune her skulle ta eit initiativ.

Dersom det ikkje er mogleg å etablere ein slik avtale innan søknadsfristen, vil fylkesrådmannen be Førde kommune - som vertskommune - utøve det samlande mandat for den kommunale delen av prosjektet. Seinare, når prosjektet er fullfinansiert og før arbeidet tek til, må det utarbeidast ein fullstendig eigaravtale mellom partane. Denne må regulere tilhøvet mellom eigarane og danne grunnlag for føremålstenleg og kostnadseffektiv forvaltning, teknisk drift og vedlikehald.

Slik fylkesrådmannen ser det, er vi no avhengig av følgjande underlag før søknad om statleg tilskot kan sendast til KUD:

- Forprosjekt med teikningar, beskriving og kostnadskalkyle. Dette vert levert som avtalt mellom fylkeskommunen og arkitektkontoret innan 31.01.17 (ansvar fylkeskommunen)
- Få etablert ein intensjonsavtale om ansvarsfordeling for finansiering og drift (ansvar Førde kommune)
- Inntekts- og utgiftsbudsjett for drift, samt gjere greie for det kultur- og museumsfaglege grunnlaget for byggeprosjektet (ansvar MiSF)

Så langt fylkesrådmannen kjenner til er det mange søknader til KUD i kategorien nasjonale kulturbygg, slik at det er viktig å sende inn slik søknad no.

Fylkesrådmannen vil difor – under føresetnad om at dokumentasjon i samsvar med desse punkta ligg føre i tide – sende inn søknad om statleg tilskot til prosjektet innan 01.03.17.

Fylkesrådmannen ber FU om ev. merknader til dette.